



*Å setja seg ned er lite aktuelt for denne energiske kvinna, som er innvandra frå Austevoll.*

## Bonde med mange jarn i elden

**Ho er ikkje redd for å jobba, Randi Kleppe Dalen, som både har mjølkekyr på båsen, campinggjester og middagsgjester å passa på. No drøymer ho om ein liten butikk også.**

Me møter henne på Fitjar Camping, som tidlegare var beitet på garden ho og mannen Kristoffer Dalen driv ilag. Campingplassen ligg ved Hellandsfjorden, der bilvegen svingar inn mot Kråko hytteområde.

Ho er i ferd med å dekkja bordet for gjestene som har bestilt middag og dessert denne dagen. I grytene på kjøkenet putrar Biff stroganoff. Dronning Maud-desserten er for lengst laga og står på kjølen.

– Dette er hobbyen min, fortel Randi Dalen om campingplassen som ho driv på tiande året. Heime på garden står ei splitter ny fjøsbygning, og der går 44 heilautomatiserte mjølkekyr og blir mjølka og fora med robotar. Ein annan robot tek seg av måkinga. Dyra går lause i fjøset, og bestemmer sjølve om dei vil gå ut eller vera inne.

*Å dekkja  
bord og  
bretta  
serviettar  
er ein  
hyggeleg  
syssel.*



Dermed får Randi tid til overs som ho kan bruka på «hobbyen», som blant anna er å laga god, gammaldags bondekost til gjestene i det hyggelege og lyse selskapslokalet, med utsyn til fjorden. Her kan ho dekkja til 80 menneske.

– Maten skal vera skikkeleg, det vil seia laga frå botnen av. At eg ikkje tek snarvegane, set folk tydeleg pris på, for eg får mange positive ord om maten. Dette gir meg stadig ny energi. Eg likar også å vera min eigen herre, sjølv om matserving krev at ein stadig må vera tilgjengeleg for publikum.

I tillegg til servering for lukka lag, leiger ho ut to husvære og to rom og har plass til 20-25 bubililar og 8-10 bubililar på øvre platået. Der er det også faste campingvogner, med ferierande frå Bergen og elles frå regionen.

Det uroar Randi Dalen at det er så få som utdannar seg til kokkeyrket for tida. Å læra seg å laga ernæringsmessig god mat er så viktig, og ho trur det må gjerast grep for å at kokkeyrket skal bli meir attraktivt for den yngre generasjonen.

Sjølv utdanna ho seg til kokk på Fitjar vidaregåande skule. Randi med jentenamn Kleppe er frå Storekarlsøy i Austevoll, men blei verande i Fitjar fordi ho møtte ein kjekk fitjarbu her medan ho tok utdanninga si. Dei fekk to jenter og to gutar saman, og då dei flytta ut tok «hobbyen» form hos den arbeidsglade kvinna.

I selskapslokala serverer ho ofte svinesteik og kalv, og det går også i tapasblandingar og fiskerettar. Ho lagar pålegg sjølv, og skaffar råvarer frå bl.a. Fitjar Gardsmat. Med tida håpar ho å kunne bruka kjøtt frå eigen gard også.

Ho har ikkje slutta å drøyma, sjølv om hendene er fulle. Ein liten butikk der ho kunne selja egne produkt som kaker, karbonader osv., kan ho tenkja seg..i eit lite tilbygg ved kjøkenet.

Me seier tvitvi!



*Her er ho ved det øvste platået, der dei faste campingvognene er plassert.*

**Fakta:**

1. Målgruppe: Bedrifter, private, campinggjester
2. Formål: Gje gjesten skikkeleg mat frå botnen av, camping i vakker fitjarnatur
3. Etablert i 2008 med ein tilsett, pluss ekstrahjelp
4. Stad: Fitjar Camping, 5419 Fitjar
5. Nettstad: <http://www.fitjarcamping.no>

Tekst/foto: Heidi Eikremsvik  
Publisert 27. august 2018